

Simen Tallaksen og Lars Unar Larsen Vegstein (nyhetssjef)
Åse Brandvold | Aina Helgheim | Pål Hellesnes | Bjørn Kristiansen
Frida Holsten Gullestad | Jo Skårderud (Trondheim)
Ole Magnus Rapp (Tromsø)
Anne Kari Hinna og Gunnar Wiederstrøm (Bergen)

NYHETER

Noah anmelder skyting av binne

LISENS: En bjørnebinne med unger ble skutt under lisensjakt i Hedmark 1. september. Dyrevernsorganisasjonen Noah politianmelder både jegeren som skjøt binna og rovviltneimnda i Hedmark, som fattet vedtak om lisensfelling av brunbjørn i dette området. – Bjørnen er fredet og oppført på rødlista som sterkt truet, og Noah ser det høyst alvorlig at en binne med unger ble skutt. Nå er disse ungene overlatt til seg selv, noe som senker deres sjanser for å overleve og er en sterk påkjenning for dem, sier Noah-leder Siri Martinsen.



FOTO: ARENDV, FLICKR

©NTB

Bondelaget er bekymra over tilgangen på kraftfôr etter at 352 Fe

Ramma av streik

STREIK: Kornmottak er stengde, og ved landets største kraftfôrfabrikk er drifta redusert. Bondelagets leiar Lars Bartnes ser alvorleg på situasjonen.

ARBEIDSLIV

Av Anne Kari Hinna (tekst), Bergen og Andrea Gjestvang (foto og tekst), Kambo

– Det er kort og godt slik at det er ein krevjande situasjon som er i ferd med å oppstå. Det er relativt store volum med kraftfôr som blir råka, seier leiaren for Bondelaget, Lars Bartnes, etter at det natt til i går blei klart at 352 tilsette i Felleskjøpet Agri gjekk ut i streik.

Felleskjøpet Agri er eit samvirke eid av 44.000 bønder med butikkar over heile landet, ei rekke mottak for korn og produksjon av kraftfôr.

Det er svekt tilgang på fôr som uroar Bartnes.

– Dette får konsekvensar på tilgangen på kraftfôr. Det gjeld i varierende omfang alle som driv med husdyr, seier Bartnes.

Felleskjøpet Agri opplyser at det er vanskeleg å slå fast omfanget av konsekvensane no.

– 352 er tatt ut i streik. Det vil påverka drifta vår, seier kommunikasjonssjef Thomas Skjennald i Felleskjøpet.

Redd for svekking

Kornsiloane i Grue og Hadeland er stengde for mottak, mens kraftfôrfabrikken på Kambo i Østfold delvis er nede. Produksjonen var stansa i går, men eit skift er på plass i dag. Enkelte butikkar

FAKTA

Felleskjøpet Agri:

■ Er eit samvirke eid av 44.000 bønder med ei omsetning på 15,5 milliardar og 3641 tilsette.

■ Tysdag gjekk 352 medlemmar i YS-forbundet Negotia ut i streik.

■ Negotia fryktar dårlegare tariffavtaler når Felleskjøpet Agri melder seg ut av Spekter og inn i NHO Mat og Drikke.

er stengde, mens andre har kortare opningstid.

Det er medlemmar i YS-forbundet Negotia som er i streik.

Streiken handlar om å sikra seg opparbeidde rettar, og vil ikkje kosta arbeidsgivar ei krone i nye utgifter, ifølgje hovudtillitsvald for dei streikande, Gard Henriksen.

Felleskjøpet Agri er på veg ut av arbeidstakarorganisasjonen Spekter og inn i NHO Mat og Drikke. Det skjer frå 1. januar neste år, og frå april får dei tilsette nye tariffavtaler.

– Me vil sikra rettar me har, knytt til mellom anna sjukelønn og barse尔permisjon, gruppelevsforssikring og ubekvem arbeidstid, seier Henriksen.

– Så NHO har dårlegare vilkår enn Spekter?

– Ja, enkelte ting er dårlegare i NHO-avtalen.

– Uforståeleg

Det var natt til tysdag at mekinga hos Riksmekleren ikkje førte fram.

Arbeidsgivarforeininga Spekter gir i ei pressemelding

uttrykk for at dei synst det er uforståeleg at Negotia og YS ikkje godtar eit lønnsoppgjer som alle dei andre fagforeiningane i Felleskjøpet Agri har godtatt. Spekter meiner òg at Negotia har fremja eit skyhøgt lønnskrav.

«Negotia/YS, som representerer i underkant av 20 prosent av de ansatte, fremmet i forhandlingene et overraskende høyt lønnskrav på rundt 12 prosent, noe som er nesten fire ganger så høyt som det andre arbeidstakere i Norge kan regne med å få i år», uttalte administrerende direktør Anne-Kari Bratten i går.

Spekter understrekar også at dei ikkje kan inngå avtaler for eit tidspunkt dei ikkje vil vera part i avtalen.


Henriksen forklarar at lønnskravet er knytt til krava om opparbeidde rettar.

– Me har prisa rettane våre, viss me ikkje får med oss rettane våre, så er dette prisen. Det er dei opparbeidde rettane me er ute etter. I det rettane våre er sikra, som ikkje vil kosta bedrifta ei krone meir, så vil lønnskravet vera i tråd med det alle andre har, seier Henriksen.

Han er einig i at Spekter ikkje kan inngå avtaler utover datoen dei er part i avtalen, men seier at Negotia i eit halvt år har forsøkt å få forhandla direkte med Felleskjøpet Agri om dette utan å lykkast.

Vil stå samla

Kommunikasjonssjef Thomas Skjennald i Fellesforbundet Agri seier at dei tilsette vil bli inkludert i arbeidet med overgangen til NHO Mat og Drikke, men at det no er eit mellomoppgjer der det handlar om kroner og øre. Derfor har ikkje Fellesforbundet Agri møtt ønsket frå Negotia om lokale forhandlinger.



STREIK: Bøndene måtte i går stå i kø utanfor kornmottak på Kambo i Østfold for å levere kornet sitt etter at tilsette i Felleskjøpet Agri gjekk ut i streik.

– Me går inn i NHO frå 1. januar. Då blir dei tilsette involverte, seier han.

Han fortel at bakgrunnen for overgangen frå Spekter til NHO Mat og Drikke kjem etter eit ønske frå eigarane om meir politisk påverknad.

Våren 2017 fekk administrasjonen i oppdrag frå styret å greia ut korleis Felleskjøpet Agri kan bidra til gode rammevilkår for bonden og langsiktighet for næringa gjennom eit næringspolitisk arbeid knytt til arbeidsgivartilknytning.

Konklusjonen var blant anna at landbruket vil stå sterkare saman ved å vera samla i NHO Mat og Drikke. Vedtaket om å gå inn i NHO Mat og Drikke blei gjort av eit samrøystes styre i 2018.

NHO Mat og Drikke er ordknappe om saka.

«Felleskjøpet Agri har valgt NHO og NHO Mat og Drikke på grunn av det bransjefelleskapet vi kan tilby for bedrifter i verdikjeden for mat og våre næringspolitiske prioriteringer. Utover det kommenterer vi ikke en mekling vi ikke er part i. Felleskjøpet Agri har sin arbeidsgivertilknytning i Spekter frem til 1. april 2020», uttaler kommunikasjonsdirektør i NHO Mat og Drikke, Nina Wollum Skarbø, i ein e-post.

Bondelagets leiar Lars Bartnes vil heller ikkje kommentera saka utover dei konsekvensane streiken har for bøndene.

innenriks@klassekampen.no